

## Budsjett 2023

Psykisk helsevern  
Helse Førde HF

## Innhald

Samandrag.....	2
Føresetnader i budsjett 2023 .....	2
Budsjettarbeidet vårt .....	2
Risiko i budsjett for 2023 .....	5
Ramme 2023.....	5
Økonomi.....	6
Kostnadsutvikling .....	6
Aktivitetsutvikling .....	7
Aktivitet per avdeling.....	7
Bemanningsplan .....	8
Forsking.....	8
Budsjettprosess.....	9
Forkortingar for einingsnamn nytta i dokumentet .....	9

## Samandrag

Budsjettet vårt er utarbeidd innanfor den ramma som er gitt. Det er nytta rammebudsjettering, slik at alle avdelingane våre har tatt sin relative del av den utfordringa som ligg i å lage budsjett innanfor tildelte rammer.

Vi har gjennom fleire år vore nøydd til å finne rimelegare måtar å tilby våre pasientar eit godt og forsvarleg behandlingstilbod. Budsjettet for 2023 er stramt, men det er lagt opp til ei forsvarleg drift. Vi vil med dette budsjettet også i 2023 kunne gje gode tilbod med høg kvalitet til pasientane våre.

Psykisk helsevern for vaksne har fokus på å sikre kvaliteten og omfanget av poliklinisk verksemd slik at vi framleis samla sett tilbyr adekvate og gode pasientforløp ved kvart DPS. Dette arbeidet vil halde fram i 2023. Vi planlegg med oppstart av FACT team i Sunnfjord og ytre Sogn i løpet av hausten 2023.

Tilbodet for psykisk helsevern til barn og unge vert planlagt med ein auke i høve 2022.

Innanfor TSB har vi redusert kjøp av gjestepasientplassar til eit nivå som kan være det nivået som følgjer av fritt sjukehusval, og vi ventar at aktiviteten i eige føretak vert noko høgare enn siste år. I 2023 er det i tillegg planlagt med utviding av regionalt rustilbod på Tronvik frå 15 til 20 døgnplassar, jmf. styrevedtak i Helse Vest mars 2022.

## Føresetnader i budsjett 2023

Årsprognosen for 2022 saman med innsparingskrav frå Helse Førde gjev grunnlaget for budsjettet for 2023. Basert på dette er kostnadsnivået tilpassa ramma for 2023.

## Budsjettarbeidet vårt

Det er i budsjettet for 2023 ikkje lagt opp til at vi skal gjennomføre spesifikke tiltak i 2023 som vil påverke drifta. Vi starta arbeidet med å tilpasse drifta til rammene for 2023 allereie tidleg i 2022. Endringar som skal skje på den enkelte avdeling vil skje innanfor budsjetterte rammer og det personellet som er tilgjengeleg.

## NPS

- I 2022 har vi auka talet legar og psykologar noko. Med tida vil vi få fleire fast tilsette spesialistar. Dette vil gje oss auka lønsutgifter, som må kompenseras med auka inntening eller avvikling av andre stillingar.
- Den nye vaktordninga for legar påfører senteret om lag 1,5 millionar kroner i auka utgifter, som ikkje vart budsjettet med i 2022. Kostnaden er innarbeidd i budsjettet for 2023.
- Vi ynskjer å tilsetje 50 prosent erfaringskonsulent i Seksjon døgn, eit tiltak som er i tråd med nasjonale føringar.
- Kompetansemidlane vert nøye prioritert med vekt på kvalifisering i prioriterte terapiformer og SKOP-programmet som hevar kompetansen til heile personalgruppa (og kommunane i opptaksområdet).
- Innleige av sjukepleiar frå vikarbyrå i sommarferien har vore dyrt, men svært vellukka. Tiltaket vidareførast også i 2023.
- Vi kan redusere innleige av overlege jamført med budsjettet for 2022.

Budsjettet går i balanse ved:

- God planlegging og koordinering av fråver og innleige.
- Vakansperiodar for ledige stillingar.
- Gradvis redusert belegg i Seksjon døgn ventast å gje mindre bruk for ekstrahjelp.
- Vidare reduksjon i innleige av overlege frå vikarbyrå.

Med budsjettet som er lagt fram kan senteret vidareføre drifta, men det er ikkje rom for nye satsingar ut over 50 prosent stilling for erfaringskonsulent.

### ISP

Budsjettarbeidet vil alltid vere ein sum av større og mindre justeringar. Under er det skissert dei tiltaka som gjev størst utslag i 2023.

Tiltak gjennomført i 2022 blir i all hovudsak vidareført til 2023. Alle større budsjettpostar er justert ut frå ein risiko/sårbarheitsanalyse. Erfaringstal tilseier at risikoen for avvik er større enn tidlegare år. Endringane er i stor grad gjort ved hjelp av omdisponering av eigne ressursar/midlar. Sengeposten tilsette fast stilling som aktivitetsleiar i 2023. Ambulant team blir styrka i 2023 med psykolog ved hjelp av omdisponering/flytting av ressursar.

Bemanningsplanen til sengeposten vart i 2021 endra slik at sårbarheit på kveld og helg vart auka (behov for vikar). Budsjett 2023 har teke høgde for det.

Det er viktig å rekruttere både spesialistar og erfarne medarbeidarar til senteret for å oppretthalde og vidareutvikle kvaliteten i senteret sitt tilbod. Leiinga skal ha spesiell merksemd på dette i høve intern kompetanseutvikling og ekstern rekruttering. For å sikre spesialistdekning ved senteret har vi i 2022 måtte leige inn vikarar frå vikarbyrå. Senteret har lyst ut fast stilling som psykiater/vikar fleire ganger og dersom ein ikkje lukkast med dette arbeidet må ein leige inn frå vikarbyrå også i 2023.

### PSK

Avdelinga psykiatrisk klinikk held til i Dagabygget, Tronvik og SMS senteret i Florø. I samband med etablering i nybygg i 2021 vart det gjennomført eit utviklingsprosjekt som førte til endring i organisering og nye tilbod vart etablert som psykosepost og tryggingsspost. Tryggingssposten som vart etablert med 3 døgnplassar har allereie for få døgnplassar etter at vi har fått fleire pasientar som har blitt dømde til tvunge psykisk helsevern. Den nye normen for tryggingsspostar i Helse Vest er 5 døgnplassar pr 100 000 innbyggjarar og det betyr at Helse Førde manglar 2 døgnplassar innan tryggingsspsykiatri.

Avdelinga treng investeringsmidlar for å bygge om til fleire døgnplassar for trygging og auke i driftsmidlar til stillingar og drift. Pasientar som vert skrivne ut frå tryggingsspost skal følgjast opp av Helse Førde og styrking av det ambulante tryggingsteamet med ein spesialist er difor nødvendig.

Psykisk helsevern i Helse Førde har færre spesialiserte sengepostar enn andre større føretak. Helse Førde har kun ein lukka sengepost (akutt døgn) utover tryggingssposten. Det medfører at alle pasientar som treng låste dører utover dei 3 døgnplassane til tryggingssposten, kjem til akutt døgn. Dette er ekstra ressurskrevjande for akutt døgn med eit så stort og vidt ansvarsområde. Akuttposten som har ØH plikt må også ta imot pasientar på varetektssurrogat på §188 i straffeprosesslova,

pasientar på §10.2 – 10.4 i helse og omsorgstenestelova, pasientar med eteforstyrning som treng lukka sengepost og psykosepasientar som treng forsterka rehabilitering. Pasientar som treng å skjermast frå kvarandre medfører høgare bruk av personalressursar som har gjeve utslag i meirforbruk av overtid og ekstrahjelp. Om ikkje akuttposten hadde teke imot pasientar som tilhøyrer tryggingsposten så ville vi måtte kjøpe plassar i andre føretak til om lag kr 23.000 per døgn. I 2023 er det planlagt med utviding av regionalt rustilbod på Tronvik frå 15 til 20 døgnplassar, jf. styrevedtak i Helse Vest mars 2022.

Sengetal i Psykiatrisk klinikk har tidlegare blitt redusert utan at ein har klart å bygge opp kompensierende tiltak med FACT/ACT team fordi nedtak av senger har blitt brukt til å dekke innsparingskrav. Avdelinga treng midlar for å kunne bygge opp eit FACT/ACT team og erfaringskonsulent på sengepostane i Førde. Det polikliniske tilbodet treng å bli styrka. Arbeidsmengda på poliklinikken opplevast som høgt og dette ser vi att i dei årlige forbetningsundersøkingane, der tilsette seier at dei opplever høgt arbeidspress.

Andre avdelingar i Helse Førde som kreftavdeling, fedmepoliklinikk, eldremedisinsk poliklinikk og andre avdelingar ynskjer meir bistand frå avdelinga, men det er ikkje nok ressursar til dette utan at det går utover tilbodet ved psykiatrisk klinikk.

Det er vanskeleg å rekruttere spesialistar og dette kan påverke tenestetilbodet vårt og det er difor eit viktig satsingsfelt å rekruttere – og utdanne egne spesialistar. Det har også blitt vanskelegare å rekruttere høgskuleutdanna og dette kan krevje tiltak også for denne yrkesgruppa.

#### PBU

Psykisk Helsevern for Barn og Unge (PBU) har framleis høg aktivitet og auke i tilvisingar. Ventetida har siste året vore høg, sjølv om den totalt sett har gått noko ned siste månadane. Det har vore vanskeleg å avslutte pågåande saker, då vi ser at mange av pasientane våre har fått det vanskeleg etter pandemien og nedstenginga av samfunnet. PBU har lagt vekt på å gjennomføre gode og forsvarlege utgreiingar og behandling. Når vi frå 2022 skal avvise endå færre saker, aukar presset på tenesta vår ytterlegare.

PBU har ikkje klart å rekruttere fagfolk til alle stillingane som har blitt lyst ut. Særleg har det vore utfordrande å rekruttere legar (både LIS og overlegar) til Førde BUP. Dette jobbar vi framleis med.

Vi held fram det nære samarbeidet med 1. linja, og har høgt fokus på å levere kvalitativt gode tenester. Vi har framleis prioritert hastehjelp ved alle poliklinikkane. Dette meiner vi er eit godt tilbod til pasientar og samarbeidspartar. Dette gjer helsetenesta meir tilgjengeleg, samstundes som ein i større grad unngår unødige innleggingar som kan vere ei stor belastning for ungdomane. I tillegg gjev dette rask tilgang til tenestene våre til dei av pasientane våre som har særleg behov for rask hjelp.

Akuttinnleggingar ved Ungdomsavdeling for Psykisk Helsevern (UPH) har gått opp under og etter pandemien, og beleggprosenten har vore høg samanlikna med tidlegare år.

Delvis vidareføring av ekstramidlar og framleis vakante legestillingar gjer at budsjettssituasjonen i 2023 er mindre krevjande enn den har vore tidlegare år. Samstundes er vi urolige for dei høge ventelistene som gjer at mange som treng hjelp må vente lenge. Det høge arbeidspresset vi har hatt over tid kan gå utover stabiliteten vi har i arbeidsstokken og gjev samstundes ei utfordring i rekrutteringsarbeidet. Vi fryktar at arbeidsplassane våre blir mindre attraktive, og at vi mister kompetanse vi har opparbeidd over lang tid, slik at pasientane risikerer å få eit redusert tilbod.

PBU i Helse Førde ligg nasjonalt sett høgt på dekningsgrad og terapeutane har behandlingsansvar for mange pasientar samanlikna med terapeutar i andre helseføretak. Vi ligg likevel lågt på tal terapeutar per 1000 born. Resultat frå Benchmarkanalyse (2022) syner at Helse Førde har større del behandling av lettare og moderate angst- og depresjonslidingar enn andre helseføretak. Dette kan bety at dei meir alvorlege lidingane får mindre ressursar enn ein får andre stader i landet. Det blir viktig å stimulere førstelina til å ta eit større ansvar for dei lette og moderate lidingane. PBU i Helse Førde treng ei styrking for å møte behovet for hjelp i spesialisthelsetenesta. Elles er det fare for at ventetidene vil halde fram på eit uakseptabelt høgt nivå.

## Risiko i budsjett for 2023

Vi dekker gjestepasientkostnader i driftsbudsjettet. Det er alltid ein risiko for at fleire pasientar nyttar fritt sjukehusval, eller at vi ikkje har kapasitet. Dette vil kunne medføre kostnader utover budsjett som vi må dekke gjennom innsparingar på andre område.

Det har vist seg at det er vanskeleg å rekruttere fagfolk med spisskompetanse (psykiatrar og psykologspesialistar). Mangel på fagfolk kan gi lågare inntekter enn budsjettet og bidra til auka ventetider. Tilsetning av ikkje-spesialistar gir oss høge utdanningskostnader. Det er også risiko for å måtte leige inn helsepersonell til ein langt høgare kostnad enn om vi klarer å rekruttere egne tilsette.

Det er risiko for at vi igjen må kjøpe tryggleiksplassar, då vi har to tryggleiksplassar mindre enn mål i regional plan for tryggingpsykiatri. I 2022 har vi heile året hatt tryggingspasient innlagt på Akutt døgn.

Innanfor Psykisk helsevern for born og unge er det risiko for at vi ikkje klarer å ta ned ventetider og redusere arbeidspress for tilsette.

## Ramme 2023

<b>Budsjettramme 2023 - PHV (tal i 1000 kroner)</b>	
Budsjett 2022	0
Innsparingskrav, redusert budsjettramme	3 959
Auka budsjettramme til utvida tilbod ved Tonvik rus	-9 760
Auka budsjettramme til utvida tilbod psykiatri	-4 832
Overføring frå prosjektfinsiering	-1 958
Dyrare lønsoppgjer i 2022	-3 255
Overføring frå ISF til basis for PBU	-1 000
Prisendringar 2023	0
Budsjetttiltak 2022 - 2023	16 846
<b>Budsjett 2023</b>	<b>0</b>

PHV forventar eit underskot i 2022 i høve budsjett. Underskotet skuldast høge kostnader til innleige av spesialistar fordi vi ikkje har greidd å rekruttere i ledige stillingar samt utfordringar med drifta ved akuttposten og Førde BUP.

<b>Prisendringar (tal i 1000 kroner)</b>	
Endra basisinntekt	-23 107
Prisauke DRG poeng	-2 089
Prisauke inntekter	-694
Lønsvekst	16 991
Endra pensjon	7 969
Prisendring varer og andre kostnader	930
<b>Netto prisendring</b>	<b>0</b>

Prisauken på inntekter dekker prisauken på kostnadene, men det er risiko for høgare prisvekst enn det vi har fått for å dekke dette.

<b>Budsjetttiltak (tal i 1000 kroner)</b>		
Endring i inntekter ISP	- Bortfall av midlar ELTE kandidat og auka ISF inntekt.	829
Endra bemanning ISP	- Dyrare lønsoppgjjer i 2022. - Høgare kostnader til kurs og kompetanseheving. - Lågare sjukefråvær.	1 236
Endring i driftskostnader ISP	-	0
Endring i inntekter NPS	- Auka aktivitet og ISF inntekt	-930
Endra bemanning NPS	- Dyrare lønsoppgjjer i 2022. - Redusert innleige frå vikarbyrå. - Dyrare vaktordning for legar.	2 403
Endring i driftskostnader NPS	- Lågare kostnader til legemiddel.	-60
Endring i inntekter PBU	- Styrking av tilbodet i høve budsjett for 2022.	-999
Endra bemanning PBU	- Dyrare lønsoppgjjer i 2022.	538
Endring i driftskostnader PBU	- Auka kostnad til kompetanseheving, ambulering og møter.	916
Endring i inntekter PSK	- Forskingsmidlar. - Prosjektpengar til tryggingstilbodet.	-1 622
Endra bemanning PSK	- Dyrare lønsoppgjjer 2022. - Utviding av tryggingstilbodet. - Utviding av tilbodet ved Tronvik rus	15 512
Endring i driftskostnader PSK	- Høgare kostnader til reiser kurs og kompetanseheving	602
Endring i inntekter ADM	- Gjestepasientinntekter på same nivå som 2021 og 2022.	-1 548
Endra bemanning ADM	- Mindre justeringar.	100
Endring i driftskostnader ADM	- Mindre justeringar.	-131
<b>Netto budsjetttiltak frå 2022 til 2023</b>		<b>16 846</b>

## Økonomi

Psykisk helsevern	Rekneskap 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023 (2022 kr.)	Budsjett 2023	Budsjett- endring B22 - B23	Prisendring B22-B23	Endring %
ISF inntekter	-32 560	-35 995	-37 000	-39 089	-1 005	-2 089	2,8 %
Gjestepasient inntekter	-7 851	-6 643	-8 300	-8 603	-1 657	-303	24,9 %
Poliklinikk og andre pasientinntekter	-8 877	-10 417	-10 640	-11 013	-223	-373	2,1 %
Basistilskudd	-406 242	-446 664	-463 510	-486 617	-16 846	-23 107	3,8 %
Øremerkede midlar	-4 193	-1 760	-60	-60	1 700	0	-96,6 %
Andre inntekter	-1 774	-4 177	-7 262	-7 280	-3 085	-18	73,9 %
<b>Sum inntekter</b>	<b>-461 496</b>	<b>-505 656</b>	<b>-526 772</b>	<b>-552 662</b>	<b>-21 116</b>	<b>-25 890</b>	<b>4,2 %</b>
Kjøp av helsetjenester mm	10 382	8 969	9 245	9 712	276	467	3,1 %
Varekost	6 490	5 389	5 800	5 974	411	174	7,6 %
Lønn til fast ansatte og vikarer	269 832	287 326	299 050	311 610	11 724	12 560	4,1 %
Variable tillegg og overtid	23 527	15 234	16 880	17 589	1 646	709	10,8 %
Feriepenger og sosiale kostnader	121 788	139 990	143 349	154 917	3 358	11 568	2,4 %
Innleie av personell	11 161	7 107	10 020	10 441	2 913	421	41,0 %
Reisekostnader	3 415	3 927	4 108	4 231	181	123	4,6 %
Diverse personalkostnad	4 176	2 888	4 140	4 282	1 252	142	43,4 %
Lønnsrefusjoner	-17 390	-12 303	-13 405	-13 968	-1 102	-563	9,0 %
Øvrige kostnader	28 378	47 129	47 586	47 875	457	288	1,0 %
<b>Sum utgifter</b>	<b>461 760</b>	<b>505 656</b>	<b>526 772</b>	<b>552 662</b>	<b>21 116</b>	<b>25 890</b>	<b>4,2 %</b>
<b>Totalsum</b>	<b>264</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## Kostnadsutvikling

### Kjøp av helsetenester.

Vi kjøper plassar innan psykisk helsevern og rusomsorg frå andre føretak. Årsaka er både at pasientane har fritt sjukehusval, og at vi ikkje alltid kan tilby pasienten rett behandling i vårt føretak. I 2023 legg vi til grunn at kostnadene vert på same nivå som dei siste åra.

### Innleige av arbeidskraft.

Det har vore nytta ein del innleige av arbeidskraft i 2022 fordi vi ikkje har greidd å rekruttere arbeidskraft med rett kompetanse. Vi arbeider aktivt med å erstatte personell som har slutta, og legg til grunn at desse kostnadene vert noko lågare i 2023.

## Løn til tilsette og overtid/ekstrahjelp.

Endringa skuldast dyrare lønsoppgjjer i 2022, budsjettert lønnsauke for 2023, planlagt etablering av utvida tilbod ved rusposten på Tronvik og heilårsverknader knytt til bemanningsendringar i løpet av 2022.

## Aktivitetsutvikling

Aktivitet	Oppnådd 2019	Oppnådd 2020	Oppnådd 2021	Prognose 2022	Budsjett 2023	Endring P22 til B23
<b>Psykisk helsevern vaksne</b>						
DRG poeng	3 666	3 377	3 594	4 554	4 706	152
Tal heildøgnsopphald	19 012	17 059	17 948	17 800	18 795	995
Tal utskrivne pasientar	1 086	1 066	918	950	1 051	101
Polikliniske konsultasjonar	25 326	23 686	22 471	23 900	24 699	799
<b>TSB</b>						
DRG poeng	385	380	429	486	486	0
Tal heildøgnsopphald	6 941	5 734	6 006	6 170	7 570	1 400
Tal utskrivne pasientar	236	186	172	235	260	25
Polikliniske konsultasjonar	2 783	2 687	2 526	2 510	2 510	0
<b>Psykisk helsevern barn og unge</b>						
DRG poeng	5 534	5 877	6 070	5 313	6 041	729
Tal heildøgnsopphald UPH	1 369	1 356	1 325	1 350	1 300	-50
Tal utskrivne pasientar UPH	67	87	85	120	110	-10
BUP polikliniske konsultasjonar	16 979	16 028	18 186	17 700	20 100	2 400

Vi ventar at aktivitet knytt til døgnopphald for vaksne i 2023 vil auke opp mot nivået vi hadde i 2019 og vi vil arbeide for å auke aktiviteten innanfor TSB i høve førre år. I tillegg er det planlagt med utviding av regionalt rustilbod på Tronvik i løpet av 2023. Gjennomføring av dette vil vere avhengig av om vi greier å rektuttere spesialistar til dette tilbodet. Det vert planlagt med høgare aktivitet i tilbodet til barn og unge enn i 2022.

## Aktivitet per avdeling


Avdeling	Poliklinikk konsultasjonar					
	Oppnådd 2019	Oppnådd 2020	Oppnådd 2021	Prognose 2022	Budsjett 2023	Endring P22 til B23
PBU	16 979	16 028	18 186	17 700	20 100	2 400
ISP	6 322	5 801	6 186	6 400	6 750	350
RUS ISP	683	616	596	550	550	0
NPS	6 802	6 029	6 234	6 800	6 800	0
RUS NPS	394	458	434	460	460	0
PSK	12 202	11 856	10 051	10 700	11 150	450
RUS PSK	1 706	1 613	1 496	1 500	1 500	0
SUM VP	25 326	23 686	22 471	23 900	24 699	799
SUM RUS	2 783	2 687	2 526	2 510	2 510	0

Avdeling	Poliklinikk DRG poeng					
	Oppnådd 2019	Oppnådd 2020	Oppnådd 2021	Prognose 2022	Budsjett 2023	Endring P22 til B23
PBU	5 534	5 877	6 070	5 313	6 041	729
ISP	871	807	888	1 093	1 154	61
RUS ISP	107	91	98	106	106	0
NPS	952	839	999	1 336	1 336	0
RUS NPS	55	66	79	106	106	0
PSK	1 843	1 731	1 707	2 125	2 216	91
RUS PSK	223	223	252	273	273	0
SUM VP	3 666	3 377	3 594	4 554	4 706	152
SUM RUS	385	380	429	486	486	0

Avdeling	Heildøgn					
	Oppnådd 2019	Oppnådd 2020	Oppnådd 2021	Prognose 2022	Budsjett 2023	Endring P22 til B23
PBU	1 369	1 356	1 325	1 350	1 300	-50
ISP	3 735	2 920	2 981	3 100	3 200	100
RUS ISP	237	9	231	20	100	80
NPS	3 587	3 239	3 697	3 600	3 500	-100
RUS NPS	2 439	1 847	1 794	1 900	2 200	300
PSK	11 690	10 900	11 270	11 100	12 095	995
RUS PSK	4 265	3 878	3 981	4 250	5 270	1 020
SUM VP	19 012	17 059	17 948	17 800	18 795	995
SUM RUS	6 941	5 734	6 006	6 170	7 570	1 400

Avdeling	Utskrivne pasientar					
	Oppnådd 2019	Oppnådd 2020	Oppnådd 2021	Prognose 2022	Budsjett 2023	Endring P22 til B23
UPH	67	87	85	120	110	-10
ISP	91	105	99	110	110	0
RUS ISP	10	1	8	30	30	0
NPS	217	191	201	190	200	10
RUS NPS	80	65	57	85	90	5
PSK	778	770	618	650	741	91
RUS PSK	146	120	107	120	140	20
SUM VP	1 086	1 066	918	950	1 051	101
SUM RUS	236	186	172	235	260	25

## Bemanningsplan



Budsjetterte brutto årsverk i 2022 er 475, mot realisert 473 i snitt dei første 10 månedene i år. I 2021 planla vi med 465 brutto årsverk, mot realisert 468.

I 2023 er det budsjettert med 494 brutto årsverk. Nettoauken i planlagde årsverk i 2023 gjeld hovudsakleg etablering av utvida tilbud ved rusposten på Tronvik samt styrking av ambulant tryggingstilbod og at vi fått ekstra midlar til å styrke tilbudet til barn og unge.

## Forsking

Psykisk helsevern held oppe satsing på forskning og har sett av midlar til forskning i budsjett 2023 på same nivå som i 2022.



## **Budsjettprosess**

Vi har arbeidd med budsjett sidan våren 2022, og tillitsvalde og verneteneste har vore invitert til klinikkråd gjennom året. PHV har hatt følgjande milepælar i budsjettprosessen:

- 19.05.22 Klinikkråd med tillitsvalde og verneteneste. Orientering om budsjettprosessen generelt, foreløpige budsjettføresetnader og milepælar frå økonomidirektør.
- 06.10.22 Klinikkråd
- 10.10.22 Drøftingsmøte ISP med tillitsvalde og verneteneste.
- 19.10.22 Drøftingsmøte NPS med tillitsvalde og verneteneste.
- 21.10.22 Drøftingsmøte PSK med tillitsvalde og verneteneste.
- 24.10.22 Drøftingsmøte PBU med tillitsvalde og verneteneste.
- 24.10.22 KAMU PHV
- 03.11.22 Informasjonsmøte med TV/VO
- 10.11.22 Drøftingsmøte PHV med tillitsvalde og verneteneste.

## **Forkortingar for einingsnamn nytta i dokumentet**

Psykisk helsevern – PHV

Psykiatrisk klinikk – PSK

Nordfjord psykiatrisenter – NPS

Indre Sogn psykiatrisenter – ISP

Psykisk helsevern for barn og unge – PBU

Ungdomsavdeling for psykisk helsevern – UPH

Klinikken sitt arbeidsmiljøutval – KAMU